

## **Til årsmøte i Aurland Jakt og Fiskelag 22.03.23**

### **Regulering av leige for båtplassar og bruk av slipp i Ohnstad småbåthamn for 2023 og 2024**

På årsmøtet i Aurland Jakt og Fiskelag 2022 vart den årlege leiga etter forslag frå frammøte vedteken auka slik:

Liten plass frå	kr. 1250,- til kr. 2500,-
Mellomstor plass frå	kr. 1750,- til kr. 3500,-
Stor plass frå	kr. 2250,- til kr. 4500,-

Aurland Jakt og Fiskelag har gjennom alle år hatt låge leigeprisar for båtplass. Dette har og ført til at ein i liten grad har hatt høve til å opparbeide seg kapital til oppgradering av båthamna.

Den store auken var i utgangspunktet ei eingongshending som hadde sitt utspring i at Aurland Jakt og Fiskelag måtte investere i ny brygge 2022. Dette vil ein kome tilbake til i eige dokument.

### **Forslag til ny båtplassleige og slippleige for 2023 og 2024.**

#### **Aurland Jakt og Fiskelag – småbåtutvalet kjem med forslag om at båtplassleige for 2023 vert på same nivå som 2022:**

Liten båtplass:	kr. 2500,-
Mellomstor båtplass:	kr. 3500,-
Stor båtplass	kr. 4500,-

Faktura på båtplassleige vert sendt ut april 2023

Leige for bruk av slipp vert halde på same nivå som tidlegare

#### **Aurland Jakt og Fiskelag – småbåtutvalet kjem med forslag om at båtplassleige for 2024**

Liten båtplass:	kr. 2600,-
Mellomstor båtplass:	kr. 3700,-
Stor båtplass	kr. 4800,-

Faktura på båtplassleige vert sendt ut januar 2024

Leige for bruk av slipp vert etter mange år heva, og årsmøtet gjev styret og småbåtutvalet fullmakt til å fastsetje nivå for 2024.

Aurland Jakt og Fiskelag  
Småbåtutvalet  
Hallgeir Høydal  
Leiar